

Terje Hilland  
 Skarpenesvegen 120  
 5919 FREKHAUG

Referanser:  
 Dykkar:  
 Vår: 21/1065 - 21/11748

Saksbehandlar:  
 Roba Al Serhan  
 roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
 22.02.2021

## Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 341/1 Skarpenes

**Administrativt vedtak: Saknr: 246/21**

### VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 1 ½ år fram til 20.08.2022 for Gbnr 341/1, då bruket er ekstensivt drive. Fritaket er gitt på vilkår at det vert teke jordprøvar i 2021.

### Saka gjeld:

Føretaket Terje Hilland har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 41/1. Drifta er 34 vinterfora sauver. Føretaket har 71 daa innmarksbeite, 37 daa overflatedyrka og 3 daa fulldyrka mark. Søkeren har opplyst at husdyrgjødsla blir lagret i gjødselkjeller og kjørt ut med traktor i april og spredd for hånd på slåttemark og deretter blir den molda med moseharv.

Føretaket kjøper inn 3000 kg fullgjødsel 18-3-15 som vert spreidd to ganger på slåttemark. Deler av beitet blir gjødsla med kunstgjødsel en gang.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på beiting og slåttemark				Kg pr.daa	Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal					
2000	18-3-15	40	Slåttemark (to ganger)	50	9	1,5	7,5
30,6 m <sup>3</sup>	Saumøk	40	slåttemark	0,7	1,4	1,4	3,5
Sum					10,4	2,9	11
1000	18-3-15	71	Beite (en gang)	14	2,5	0,4	2,1

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

GDE vinterfora sau er 4,9 før frådrag for beitetid.

#### **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad fra føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Landbruksavdelinga har ut frå søknaden din rekna ut kor mykje næringsstoff som vert tilført pr. daa. Det vert tilført like mykje fosfor og kaliumgjødsel som normgjødsel i området, og sjølv om me ikkje kjenner avlingsnivået på bruket er det mykje som tyder på at dette er for sterke gjødsling. Me vil difor setja vilkår om at det vert tatt jordprøver for å sjå korleis næringsinnhaldet i jorda er. Resultata frå dei vil syna om du kan få fritak frå krav om gjødselplan. Landbruksavdelinga har jordprøvebor og esker som kan lånast. Det vil verta gitt opplæring i prøvetaking. Jordprøvar må takast før gjødsling om våren.

Landbruksavdelinga rår til at sidan fosfor og kalium tal er høge bør det veljast eit fullgjødselsslag med mindre fosfor og kalium t.d 25-2-6. Sauemøka inneheld store mengder fosfor og kalium. Der det vert spreidd sauemøk kan ein ofte berre bruka rein nitrogengjødsel som t.d Hydrokas.

#### **Regelverk**

Gjeldande forskrift om gjødselplanlegging.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagan skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/1065»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### **Mottakarar:**

Terje Hilland

Skarpenesvegen 120

5919 FREKHAUG

---

-----

**Side 3**  
21/1065 - 2